Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18. — | Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leinstrand

Emne: Juletre og julehalm | Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad | Gard:

(adresse): Heimdal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ja.

2 Nei. Må vel vera minst 80–100 år sea.

3 Først i heimane. Seinare i skulen. I kyrkja sjeldare.

4 Bordløparar og over dører. Papirpynt. Lamper, ljosstaker m.v.

5 Ja. Litegrann. Ingen serskild skilnad.

6 Ymsar mykje. I bondestovor mest til loftet (1.80–2 m)

7 Med glaskulor, flagg (ofte samanbundi til lengre rekker, fuglar med vengjer, papirposer (korgjer) med ymse fargar, klipt og samanfolda med hanke i av papir. I korga rosiner, svedsker, sjokoladebitar og anna slikkeri (I gode gamle dagar) I toppen den „blanke stjerne" eller eit „spyd". Små stearinljos rundt heile treet og heilt til tops. (Også sukkermenner, hestar og dilikt som bakverk.

8 Helst halvvaksne born eller mor.

9 Er det eit lite tre, kan det vera sett på bordet i ein liten juletrefot av tre eller metal, ein stor ljosestake (gammeldags messingstake) eller liknande. Men oftast står det på golvet i ein tillaga fot.

10 Ljosa vart tenda, helst etter kveldsmaten, men også fyrr åt om julekvelden. Seinare

4185

nyttårskvelden og heilag tre kongarsdag.
Ellest vert det og bendra andre kveldar om borna hadde framande born hjå seg.

11. Ja. Dei vanlege julesalmar og songar. Somme gonger også ymse småsongar.

12. Til over trettandagen eller til tjuandagen. („Tjuedags Knut køyrer jula ut.")
Ellest tok treet til å visne, så nålene drysste av, og då vilde dei vaksne hive det ut. I siste åra lagar dei slike juletrefótter at ein har vatn som treet står i, så går det sjølvsagt lengere tid fyrr treet visnar.

13. Det er borna som „haustar" treet, og det den kvelden det skal kastast ut.

14. På desse traktter er det berre grana, som vert bruka til juletre, og den grana må vera serskild fin med jamne kvistar og høveleg tettleik. (Det er noko av det vanskelegaste arbeid å finne eit akkurat juletre. Skulde det vante ein kvist nokon stad, borer ein hol og setter inn ein høveleg ein.

15. Ukjend

16. Nei.

1. Nei, men har høyrd nykji tale om det.
2. Det skulde vera laus halm
3. Sa den berre utover som eit jamt dekke på golvet.
4. Det var sikkert også skikken at dei sov i halmen julenatta, men alt dette er det no heilt slutt med, og har ~~to~~ vore i lengere tid (mange år, kanskje ein mannsalder eller to

4185

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING